



Arkivsaksnr.:
2022/9308

Dokumentdato:
07.10.2022

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
82/22

Møtedato:
12.10.2022

Høring - Grunnlag for ny universitets- og høyskolelov

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- Styresak 77/22 [Høring - Grunnlag for ny universitets- og høyskolelov](#)

Saken gjelder:

Kunnskapsdepartementet sendte den 22.juni et forslag til endringer i universitets- og høyskoleloven (grunnlag for ny universitets- og høyskolelov) på høring, med høringsfrist 14.oktober. Universitetsstyret ble orientert om høringen i møte 15. september og vedtok at endelig høringsutkast skulle behandles i ekstraordinært styremøte. I denne saken legges utkast til hørings svar fram for universitetsstyret til endelig behandling.

Bakgrunn

Et lovutvalg la våren 2020 fram et forslag til en helhetlig og ny lov om universiteter og høyskoler (NOU 2020:3 Ny lov om universiteter og høyskoler). Utredningen ble sendt på høring og behandlet av universitetsstyret i sak 55/20. Stortinget har siden den gang i flere omganger vedtatt endringer Universitets- og høyskoleloven, og regjeringen tar sikte på å legge fram et forslag til helhetlig ny universitets- og høyskolelov høsten 2023.

I denne revisjonen foreslår regjeringen endringer knyttet til bestemmelser om følgende:

- vurdering og sensur
- midlertidige ansettelse
- nedleggelse av studiesteder og sentrale profesjonsfag
- opptak
- tilsyn
- gradssystemet og en del mindre språklige endringer og oppdateringer.

I tillegg til å fremme konkrete endringer i loven ber departementet flere steder om *innspill* på om det er behov for endringer knyttet til en bestemmelse. Det gjelder:

- om hjemmelen for å ansette faglige ledere i åremålsstillinger bør oppheves
- om bruk av åremål for stillinger der skapende og utøvende kunstnerisk kompetanse inngår som vesentlig del av kompetansekravet bør begrenses til én periode eller oppheves.
- om den nasjonale klagenemnden skal kunne ilegge strengere reaksjoner overfor studenter enn det forvaltningsloven gir adgang til.

Høringsprosessen ved UiB

Høringsprosessen ved UiB har vært organisert med dekanene som høringsutvalg og de har gitt innspill skriftlig og i møter. Det er blitt informert om den pågående høringen via nettsiden «[Universitetssamfunnet - universitetspolitiske prosesser](#)» hvor fagforeningene, studentene og ansatte ble invitert til å gi sine innspill. Høringsutkastet er også lagt fram for

Forhandlingsutvalget. Basert på innspill fra universitetssamfunnet, fakultetene og dekangruppen har universitetsledelsen utformet forslag til UiBs høringsinnspill.

Det er tre kapitler som reiser særlig prinsipielle spørsmål og som det er lagt mest vekt på i høringsutkastet. Det gjelder forslag til endring i sensorordningen (kap. 2), midlertidighet (kap.3), og nedleggelse av studiesteder og sentrale profesjonsfag (kap. 4). Høringsutkastet inneholder også innspill på kapitlene om klagenemndas adgang til å ilegge strengere reaksjoner (kap.5), opptak (kap.6), fusk (kap.8), kvalitetsarbeidet (kap.10), gradssystemet (kap.11) og terminologi (kap.12).

Universitetsdirektørens kommentarer

Departementets arbeid med ny universitets- og høyskolelov har pågått siden Aune-utvalget la fram forslag til ny lov i NOU 2020:3 våren 2020. Utredningen er fulgt opp i flere høringsrunder hvor også helt nye forslag har blitt fremmet. Universitetsdirektøren mener at det hadde vært en fordel om departementet i arbeidet med ny lov for sektoren hadde fremmet ett helhetlig lovforslag. Departementet tar nå sikte på å legge fram ny universitets- og høyskolelov i 2023.

Departementet fremmer denne gang både konkrete forslag samtidig som de ber om innspill på behovet for endringer av enkeltbestemmelser, uten at det går klart frem hvilke alternativ som anses som det foretrukne. Universitetsdirektøren mener at høringen reiser grunnleggende og prinsipielle og faglige spørsmål som er mangelfullt utredet i høringsnotatet.

Departementets forslag og vurderinger har vært gjenstand for grundige drøftinger i dekangruppen. Høringsutkastet er gjort relativt kortfattet og med størst vekt på de forslag som reiser prinsipielle spørsmål av stor betydning for UiB.

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret gir universitetsledelsen fullmakt til å ferdigstille høringsinnspillet i samsvar med behandlingen i møtet.

Robert Rastad
universitetsdirektør

07.10.2022/Arne R. Ramslien

Vedlegg:

1. Utkast til hørings svar
2. [Departementets høringsnotat](#) (ekstern lenke)



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref
2022/9308

Dato
xx.10.2022

Høyringsfråsegn frå Universitetet i Bergen - Grunnlag for ny universitets- og høgskolelov

Innleiing

Universitetet syner til høyringsbrev datert 22. juni om «Høyring – Grunnlag for ny universitetets og høgskolelov» og takkar for høve til å gje fråsegn. Saka har vore på internhøyring ved UiB og endeleg handsama av universitetsstyret i møte 12. oktober. Universitet gir fråsegn på spørsmål som i særleg grad omhandlar vår verksemd.

Kapittel 2. Sensorordning

Universitetet i Bergen er einig i at innrettinga på forslaget om sensorordning er betre enn den ordninga som Stortinget vedtok i 2021. Det er likevel vårt syn at forslaget grip for langt inn i faglege vurderingar og prioriteringar.

Ei endring i sensorordninga er heller ikkje naudsynt – verken av omsyn til rettstryggleiken til studentane, eller av omsyn til den faglege kvaliteten i sensuren.

UiB er samstundes einig i at bruk av to sensorar i fleire tilfelle kan heve kvaliteten på sensuren. I andre tilfelle er denne verknaden langt frå klar, og UiB saknar eit grundig kunnskapsgrunnlag for å slå fast om ein slik verknad gjeld *generelt*. Etter lokalt regelverk har UiB allereie krav om to sensorar på eksamenar som ikkje lar seg etterprøve.

UiB har også ein omfattande bruk av sensorordningar som går lengre enn minstekrava i lov og lokalt regelverk. Sensorordningane ved UiB blir lagt opp etter kva som sikrar best kvalitet i utdanninga i heilskap. Kva som sikrar best kvalitet i utdanninga er eit fagleg spørsmål og avgjersla bør ligge i fagmiljøa, på program- og emnenivå.

Departementet sitt forslag er mellom anna grunnlagt med rettstryggleiken til studentane. UiB minner om at rettane til sensorrettlegg, grunngeving for sensur, klagerett og ny sensur med ekstern sensor alle varetar dette omsynet på ein god måte. Rettane opererer også i ein kontekst der studentane har tilgang til læringsutbyteskildringa, som sensuren tar utgangspunkt i. Departementet bør ta omsyn til desse aspekta ei heilskap når det samanliknar sensur i dag med sensur for fleire tiår sidan.

Departementet viser til at nærmare 70 prosent av eksamenane ikkje vil bli råka av det nye kravet om to sensorar. Variasjonen mellom forskjellige fagmiljø skjuler seg bak dette talet, og variasjonen gjer at framlegget vil slå ut skeivt. Enkelte av UiB sine fagmiljø har nærmast berre emne på 10 studiepoeng, medan andre nesten berre har emne på 15. For dei sistnemnde vil kravet til sensorar vere svært byrdefullt.

UiB er også uroa for ei utvikling der sensurkommissjonane blir større, og for verknadene dette kan få for forseinkingar i sensuren.

På denne bakgrunnen gjer UiB framlegg om at sensorordninga blir ståande lik den som gjeld i dag. Alternativt meiner vi ordninga bør innrettast slik at den gir meir handlingsrom til fagmiljøa ved at kravet om to sensorar

1. ikkje gjeld for det ugraderte vurderingsuttrykket (bestått/ikkje bestått).
2. gjeld for emne på over 15 studiepoeng.

Kapittel 3. Mellombelse tilsettingar

Regjeringa har mål om å stramme inn bruken av mellombelse stillingar. Universitetet i Bergen meiner det er viktig å arbeide for ein reduksjon i talet mellombelse tilsette i universitets- og høgskulesektoren. UiB har difor lenge arbeidd målretta med å redusere mellombelse stillingar. UiB meiner likevel at fleire av framlegga til departementet ikkje er relevante for utfordringa med at for mange tilsette i universitets- og høgskulesektoren står utan fast stilling eller dreier seg om mellombelse stillingar som er problematiske.

§ 6-4 Åremålsstillingar

Oppheve § 6-4 (1) bokstav c om åremålsstilling for leiar ved avdeling eller grunneining

Universitetet i Bergen ønsker ikkje fast tilsetting av dekanar og instituttleiarar og støtter difor ikkje forslaget.

Det er eit avgjerande trekk ved styringsmodellen ved UiB at den faglege leiinga på alle nivå er fundert på vitenskapleg kompetanse og kjenner kjerneverksemda godt. Departementet sitt forslag vil svekke den fagstrategiske leiinga av universitetet.

UiB ønsker at leiarane av avdelingane og grunneiningane (fakulteta og institutta) har ei sterk vitenskapleg forankring og legitimitet i fagmiljøa. Behovet for fagleg fornying og vitenskapleg kompetanse talar for at desse leiarstillingane ikkje skal vere faste stillingar. Det er av stor prinsipiell betydning for UiB å kunne rekruttere aktive forskarar til faglege leiarstillingar gjennom åremålstilsetting eller val. Dersom stillingane blir faste, vil dei bli mindre attraktive for vitenskapleg tilsette.

Fast tilsetting av leiarar for avdelingar og grunneiningar vil endre arbeidsdelinga i sektoren mellom faglege leiarar og administrative leiarar. UiB meiner departementet sine vurderingar vitnar om ei manglande forståing for fagleg leiarskap i kunnskapsinstitusjonane. Dekanar og instituttleiarar blir omtalte som mellomleiarar som bør vere faste tilsette. Ei endring vil innebere ei svært stor omvelting av måten universiteta blir styrte på og ei svekking av den faglege leiinga.

I høyringsnotatet til departementet blir det fremma påstandar om at våre faglege leiarar ikkje opplever seg som del av den samla leiargruppa, og at deira sterke faglege identitet fører til at dei vil nedprioritere, til dømes, kompetanse- og bemanningsplanlegging. UiB stillar seg svært undrande til desse påstandane, og nyttar høvet til å forsikre om og understreke at våre faglege leiarar er svært dedikerte, kompetente og profesjonelle og samarbeider godt med den administrative leiinga. Fagleg leiing er grunnleggande viktig for eit universitet. Framlegget som departementet presenterer er ikkje berre svært drastisk, det blir også lagt fram som eit tiltak mot mellombelse stillingar. Tilsetting av faglege, vitskaplege leiarar i åremål har ikkje noko med problematikken rundt mellombelse stillingar å gjere.

Departementet viser til at bruken av tilsetting i åremål av studie- og undervisningsleiarar er eit misbruk av føresegna i § 6-4 bokstav c. UiB deler dette synet, og understrekar at åremålsheimelen berre blir brukt for tilsetting av instituttleiarar og dekanar ved UiB.

Oppheve § 6-4 først ledd, bokstav i

UiB støttar ikkje ei endring av føresegnene som gjeld tilsetting i stillingar der krav til skapande eller utøvande kunstnarisk kompetanse er eit vesentleg element i kompetansekravet.

Åremålsperioden bør ikkje avgrensast til éin åremålsperiode, og føresegna bør ikkje opphevast. UiB deler målet om å redusere mellombelse stillingar i sektoren, men meiner likevel at bruken av åremål i stillingar basert på kunstnarisk kompetanse må vurderast særskilt. Dei skapande og utøvande disiplinane i academia er sette saman av til dels små miljø, og er avhengige av ei utveksling med det frie feltet og det som er relevant og aktuelt der. Det vil difor vere viktig å halde på moglegheita til å knytte til seg ny kompetanse, også for ein avgrensa periode. Bruken av åremål i eit visst omfang er ei ordning som er godt tilpassa behova til kunstfaga, utanfor og innanfor academia, og balanserer føreseielegheit med behovet for fagleg fornying. Åremåla på kunstnarisk grunnlag representerer ei slik moglegheit.

Postdoktor, § 6-4 (1) e

UiB støttar gjeldande forskrift knytt til tilsetting av postdoktorar.

Departementet gjer framlegg om at det berre skal vere høve til éin tilsettingsperiode som postdoktor og visar til at eit slikt framlegg allereie har vore på høyring (i samband med handsaminga av NOU 2020: 3). I høyringssvaret til NOU-en var UiB kritisk til ei innsnevring av høvet til å ha fleire postdoktorperiodar på tvers av institusjonane, slik utvalet gjorde framlegg om, og ønsker å halde på dagens regelverk. Vi støttar gjeldande forskrift, nemleg at ein berre kan være postdoktor éin gong per institusjon.

Lengda på åremål, § 6-4 (2) (3)

Departementet ber om innspel på om det er behov for føresegna om lengda på åremålsstillingane etter § 6-4 (2) og (3). UiB meiner det ikkje er behov for at alle åremål er like lange og reknar det som ei uønskt avgrensing.

§ 6-5 Mellombels tilsetting i undervisnings- og forskarstilling

Oppheve § 6-5 (1)

UiB støttar ikkje forslaget om å oppheve føresegna i § 6-5 som gir høve til å tilsette mellombels i tre år for å kvalifisere seg, når ingen kvalifiserte søkarar har meldt seg. Føresegna blir ikkje brukt i særleg grad, men UiB ønsker likevel at ho blir vidareført. UiB meiner elles at det er i strid med utlysingsplikta og kvalifikasjonsprinsippet i statsansattelova dersom den innstillande myndigheita ber tilsettingsorganet om aksept for å tilsette ein av søkarane fast i ein lægre stillingskategori, utan ny utlysing.

Begrense vikariat til ei åremålsperiode § 6-5 (4)

UiB støttar ikkje ei endring i § 6-5 (4) slik at tilsetting av vikar for leiarar i åremål blir avgrensa til éin åremålsperiode.

Framlegget inneber at ein vikar kan bli erstatta av ein annan vikar, og dette er det ikkje rettsleg sett høve til i dag. Framlegget vil også kome i konflikt med fortrinnsretten, som departementet meiner skal oppretthaldast som i dag. Konsekvensen vil bli at fakulteta må varsle om avslutning av tilsettinga for å unngå krav om fast tilsetting, og også starte ein ny runde med utlysing og tilsetting når den faste tilsette får ny åremålsperiode.

Føresegna om vikar i uhl. § 6-5 (4) er viktig for UiB og vi kan heller ikkje sjå at framlegget til departementet om å avgrense tilsettingsperioden for vikarar til ein åremålsperiode på fire år får nokon innverknad for talet mellombelse tilsette. Neste åremålsperiode må ein naudsynleg tilsette ny vikar. UiB synest også det er rettslege utfordringar med framlegget til departementet fordi ein mellombels tilsett vil bli erstatta av ein annan mellombels tilsett.

UiB støttar framlegget om å endre tilsettingsperioden for vikaren frå tre til fire år, noko som samsvarer med ein åremålsperiode for leiarane.

Departementet gjer også framlegg om å fjerne orda «valgt eller» i føresegna, fordi det meiner orda er overflødige. UiB er ikkje einig i dette. Når UiB vel leiarar av fakultet og institutt blir desse leiarane plasserte i stillingskoden, men dei er ikkje tilsett på åremål. Det er viktig at lova reflekterer at fleire av institusjonane vel sine faglege leiarar.

§ 6-6 Særreglar for visse typar bistillingar

Universitetet i Bergen er ueinig i forslaget om å fjerne føresegna.

Universitetet i Bergen nyttar bistillingar for å styrke undervisnings- og forskingssamarbeidet nasjonalt og internasjonalt. Bistillingane er også viktige for samarbeid og kompetanseutveksling mellom akademia, næringsliv, skuleverket, praksisfeltet, og andre samfunnsaktørar. Difor er heimelen for bistillingar eit strategisk viktig verkemiddel for universitetet. Tilsette i bistillingar har, som departementet også skriv, fast stilling hjå ein annan hovudarbeidsgivar. Stillingane er difor ikkje relevante for utfordringa med for mange

tilsette i universitets- og høgskulesektoren utan fast stilling. UiB er difor ueinig om å fjerne føresegna.

Departementet meiner behovet for kompetanseutveksling kan sikrast gjennom faste tilsettingar i brøkdelsstillingar. UiB meiner dette er problematisk av fleire grunnar. Bistillingane utgjer i mange tilfelle ein spisskompetanse og dekker behov som varierer over tid. Bistillingane blir brukte til å starte forskingssamarbeid, nasjonalt og internasjonalt, gjennom tilknytninga den tilsette har til hovudarbeidsgivaren. Bistillingar blir også nytta til å hente inn ekspertise frå industri og næringsliv, til å styrke arbeidslivsrelevansen i studieprogramma, og til å betre kjønnsbalansen i vitskaplege topp- og mellomleiarstillingar. UiB kan ikkje sjå at § 6-6, som gir heimel til å tilsette i bistilling, på nokon måte avgrensar fleksibiliteten andsynes institusjonane sine behov. Dersom UiB ønsker tilsetting i deltid over 20 prosent, nyttar vi føresegnene i statsansattelova. Heimelen for bistillingane gir heilt andre moglegheiter for samarbeid innanfor ein akseptabel arbeidsbyrde på inntil 20 prosent. I tillegg gir tilsetting på åremål naudsynte avklaringar for alle partar med tanke på avslutninga av tilsettingsforhaldet.

Fast tilsetting i deltidsstillingar vil også innebære at den tilsette har fortrinnsrett til utviding av stillingsprosenten, og UiB meiner at dette vil kunne skje.

UiB vil trekke fram at deltidsprofessorat under statsansattelova truleg vil innebære dei same krava til tilsettingsprosedyrar og kompetansevurderingar som vanlege professorat, og vil være langt meir arbeids- og tidkrevjande.

UiB kan ikkje sjå at dagens reglar om oppseiing i statsansattelova gir nokon eintydig heimel for oppseiing av tilsette i deltidsstillingar når behovet for stillinga har falt bort. UiB deler ikkje departementet si forståing av at det vil vere enklare i slike tilfelle enn ved ordinære oppseiingar, med tilvising til statsansattelova § 19 (2), når heimel for oppseiing etter § 19 (1) ikkje naudsynleg finst. Tilsetting i åremål gjer det derimot tydeleg når arbeidet i bistillinga skal opphøyrast og bidreg til ein ryddig prosess.

Departementet gjer framlegg om at ein i staden for bistillingar på åremål kan tilsette i mellombels deltid under statsansattelova. UiB meiner at heimlane i statsansattelova og arbeidsmiljølova ikkje alltid vil vere tilstrekkelege til dette. Det krevst heimel for å tilsette mellombels, og dette kan bli vanskeleg fordi undervising og forskning er permanente oppgåver. I alle tilfelle må den mellombelse stillinga avgrensast til tre år, medan det er høve til å tilsette på nytt i åremålsstillingar.

Departementet skriv at ein vil få betre oversyn over omfanget av mellombelse stillingar i sektoren dersom føresegnene om bistillingar blir fjerna. UiB meiner at dersom ein slår saman reelle og uønskete mellombelse stillingar med bistillingane, som altså er fylte av personar som også har fast stilling hjå ei anna verksemd, så vil sektoren miste oversyn over storleiken på det reelle problemet med mellombelse stillingar.

Vidare skriv departementet at høvet for dei tilsette ved universiteta og høgskulane til å skaffe seg praksisnær kompetanse ved å arbeide ein periode i verksemdar utanfor UH-sektoren, bør vurderast etter det ordinære regelverket. Departementet legg til grunn at det finst tilstrekkelege heimlar i arbeidsmiljølova og statsansattelova. UiB vil peike på at praksisnær kompetanse også handlar om at å knyte til seg personar frå praksisfeltet i bistillingar ved Universitetet i Bergen, utan at dei må gjennom same rekrutteringsprosess og

kvalifikasjonskrav, til dømes undervisningskompetanse, som vert naudsynt ved fast tilsetjing i vitenskapelig brøkdelsstilling. UiB meiner departementet baserer dette på ei manglande forståing for føremålet med bistillingane ved universiteta. Heimelen for bistillingar har hovudsakleg nasjonalt og internasjonalt samarbeid som føremål. Den praksisnære kompetansen gjeld mellom anna ved universitetssjukehusa og kan ofte løysast gjennom kombinerte stillingar mellom universiteta og helseføretaka.

Kapittel 4. Nedlegging av studiestader og avvikling av sentrale profesjonsfag

Universitetet i Bergen meiner at sektormåla om høg kvalitet i utdanning og forskning, og god tilgang til utdanning og kompetanse i heile landet best kan nåast gjennom ein god og tillitsfull dialog mellom departementet og institusjonen, basert på dei heilskaplege vurderingane som universitetsstyret gjer.

Universitets- og høgskulelova sikrar den faglege og institusjonelle autonomien til universitet og høgskular. UiB meiner at dagens lov med tilhøyrande forskrifter, anna lov- og regelverk, tilstandsrapporten, signal gitt gjennom nasjonale planar, budsjettprosessar etatsstyringsmøter og ikkje minst institusjonane sine utviklingsavtalar med KD er tunge styringsverktøy for sektoren. UiB meiner som utgangspunkt at dagens ordning gir styresmaktene tilstrekkelege styringsverktøy.

Samstundes har UiB forståing for at styresmaktene også kan ha distriktspolitiske mål knytt til utdanningsinstitusjonar, studiestader og profesjonsutdanningar som skal dekke klare regionale behov for kompetanse. UiB har forståing for at det difor kan vere distriktspolitiske omsyn kring oppretting og nedlegging av studiestader og denne typen profesjonsutdanningar. UiB vil likevel peike på verkemidla som ligg i den ordinære styringsdialogen. UiB meiner det må gjerast tydelegare kva som skal leggjast til grunn for slike politiske vurderingar, og dermed unngå omkampar og uheldige politiske intervensjonar. Det er eit avgjerande prinsipp at institusjonane har kontroll over eiga fagleg innretning.

Kapittel 5. Felles klagenemnds høve til å gje strengare reaksjonar

Universitetet i Bergen ønsker at gjeldande reglar for klagesaksbehandling i fuskesaker skal vidareførast.

I dag kan Felles klagenemnd i praksis ikkje vedta strengare reaksjon enn underinstansen i klagesaker. Forvaltingslova krev at melding om endring til skade for klagar må bli sendt innan tre månader etter klagen blei mottatt av underinstansen. I praksis er sakshandsamingstida lengre enn dette, slik at Felles klagenemnd er avskoren frå å vedta strengare reaksjonar enn institusjonane. Av dei tre alternativa departementet har lagt fram i høyringa, støttar Universitet i Bergen alternativ 1 – som er å føre vidare gjeldande reglar. UiB syner til at utvida høve til å gjere om eit vedtak til ugunst for klagaren er eit stort inngrep; fristen i forvaltningslova på tre månader er ein viktig rettstryggleiksgaranti som både skal bidra til rask sakshandsaming og verne enkeltpersonar mot å bli utsett for endring til ugunst etter lang tid. Alternativ 2 og 3 vil kunne bidra til at studentar som har blitt utestengde i ein kortare periode enn lovas maksimale lengde, vegrar seg for å klage – i motsetnad til dei som har fått dei strengaste reaksjonane. Dette vil kunne gi Felles klagenemnd eit skeivt bilete på saksfeltet i heilskap. Nasjonale retningslinjer og liknande tiltak er difor eit meir høveleg

alternativ for å sikre nasjonal likehandsaming. UiB understrekar at det i alle høve må leggest til rette for at det i Felles klagenemnd skjer ei forsvarleg sakshandsaming, uavhengig av eventuelle endra fristar.

Kapittel 6. Opptak

Universitetet i Bergen støttar endringsforslaga som gjeld for opptak.

Positiv særhandsaming for søkarar er eit viktig unntak frå hovudreglane om opptak, og heimelen til å gjere slik særhandsaming bør difor heimlast i lova.

UiB støttar også framlegget om å innføre ny terminologi i lova («generelt opptaksgrunnlag» og «generell studiekompetanse»), og er einig i at dette vil gjere det meir tydeleg at det finst forskjellige kvalifikasjonsmoglegheiter for opptak enn fullført vidaregåande opplæring. Vi er også einige i at § 3-6 (6) har utspelt si rolle. Som departementet skriv er opptaket i stor grad kapasitetsstyrt, og ved ledige plassar blir desse som regel handterte som enkeltemneopptak, der kravet for opptak er generell studiekompetanse.

Kapittel 8. Fusk

Universitetet i Bergen støttar departementet i at omgrepet «fusk» ikkje skal definerast i lovteksten.

Departementet vil heller i omtalen av fuskeføresegnene i lovproposisjonen om ny universitets- og høgskulelov gi døme på kva som kan være fusk og kriterium for vurderinga. Departementet vil også vurdere om Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), som er sekretariat for Felles klagenemnd, bør utarbeide ein nasjonal rettleiar for handsaming av fuskesaker. UiB stiller seg bak departementet si vurdering på dette punktet i høyringa, og vil understreke at ein nasjonal rettleiar vil kunne vere eit godt tiltak.

Kapittel 10. Kvalitetsarbeidet

Universitetet i Bergen er einig i at det er naturleg at hovudtrekka i verksemda til NOKUT kjem fram i universitets- og høgskulelova.

NOKUT spelar ei avgjerande rolle i høgare utdanning, med sine oppgåver knytt til akkreditering, tilsyn og kontroll av studium.

Departementet gjer framlegg om å i stor grad gå bort frå å omtale «studietilbud» i forbindelse med akkreditering, tilsyn og reaksjonar. Mange stader ønsker departementet å erstatte «studietilbud» med «studieprogram», utan at dette er gjort konsekvent.

I framlegget går det fram at NOKUT skal føre tilsyn med, mellom anna, «eksisterende studietilbud», medan pålegg om retting berre er mogleg dersom «en institusjon eller et studieprogram» ikkje oppfyller fastsette standardar og kriterium. Vedtak om retting er i sin tur ein føresetnad for å vedta suspensjon av retten til å fremje søknad om akkreditering og pålegg om å trekke tilbake akkrediteringa av eit studietilbud.

Problemet med denne omgrepsendringa er at «studietilbud» og «studieprogram» har forskjellig innhald, og sistnemnde er eit snevrare omgrep. Omgrepa «studium» og «studier» er eit betre substitutt.

Forslaget til departementet inneber at reaksjonsapparatet mot studium som ikkje er studieprogram tilsynelatande blir avskoren. Dette er særleg aktuelt for vidareutdanning der emnet som regel heller ikkje er del av eit studieprogram. Tilsvarande problemstillingar oppstår i enkelte andre samanhengar, mellom anna akkreditering av nye studietilbod. Vonleg har dette ikkje vore meininga frå departementet si side. **Universitetet støttar difor forslaga til departementet**, men med atterhald om at endringane i terminologi blir endra i samsvar med det som står ovanfor, og med kommentarane i dette høyringssvaret til kapittel 12.

Kapittel 11. Grader

Universitetet i Bergen støttar framlegget om å lovfeste hovudregelen i gradsstrukturen (bachelor – master – ph.d.) og å vise til dei andre gradene som kan tildelast.

Universitetet i Bergen er også einige i at det kan vere gode grunnar til å slå saman heimlar som gjeld krav til fagsamansetjinga.

Kapittel 12. Andre endringar

Universitetet i Bergen stiller seg bak ein potensiell gjennomgang av terminologien i lova, men meiner at framgangsmåten departementet har valt ikkje sikrar kvaliteten i resultatet godt nok.

UiB er einige i at det er behov for ein gjennomgang av omgrepa som blir brukte i lova. Lova i dag omtalar tilsynelatande like fenomen med ulik ordlyd i dels dei same og dels forskjellige føresegner, sjå til dømes §§ 3-9 til 3-11 om eksamen mv. Ei slik gjennomgang må samstundes legges til grunn ideal og regelverk om meiningsskapande samsvar mellom undervising, eksamen/vurdering og læring. Slik vil den også støtte eit utdanningsfagleg utviklingsarbeid for emna og studieprogramma.

Oppryddinga i terminologien bør ikkje gjerast utan også å ha auge for at utdanningsfeltet har endra seg dei siste åra. Det mest synlege er truleg at det blir færre tradisjonelle førelesingar. I staden samlar undervisaren mindre grupper av studentar der dei i høgare grad tar aktiv del i læringa. Denne utviklinga er reflektert i andre regelverk som set krav til høgare utdanning: Institusjonane har etter studietilsynsforskrifta § 2-2 (5) plikt til å legge til for studentaktivitet i læringsprosessen.

På utdanningsfeltet er det også behov for å klargjere samanhengen mellom undervisningsopplegg og eksamensform, informert av NKR og tilknytte internasjonale og europeiske rammeverk og prosessar.

Medan UiB støttar ei gjennomgang av terminologien i lova, er vi usikre på om framgangsmåten til departementet her er føremålstenleg. Ei open tinging til alle institusjonane om terminologien kan vere eigna til å sikre at omgrepsbruken blir forenkla og konsekvent. Men framgangsmåten er etter vårt syn dårleg eigna til å sikre god samanheng med andre regelverk, som nemnd ovanfor. Det vil også vere vanskeleg å sikre at resultatet har god utdanningsfagleg forankring.

Universitetet i Bergen oppmodar difor departementet om å lage eit forslag til endringar, i tråd med det som står ovanfor, og at dette deretter blir sendt på høyring til institusjonane.

Vennleg helsing

Margareth Hagen
rektor

Robert Rastad
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen handskrivne signaturar.